



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Region vest Tone Bøyum / 55516792 19/22817-4 19/1533 – 19/17448 17.06.2019

### Uttale – Dispensasjon frå byggjegrense – Fv 565 – gnr. 133 bnr. 63 – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 04.06.2019.

#### Kva saka gjeld:

Saka gjeld søknad om påbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 133 bnr. 63 i Lindås kommune. Føremålet er å utvide kjøkken og soverom og få ein meir teneleg fritidsbustad. Eigedomen ligg innanfor areal regulert til bustadføremål jf. reguleringsplan *RV 565 parsell Hilland - Alverstraumen (1999)*. Denne planen har fastsett ei byggjegrense langs veg 30 meter frå vegmidte, og heile fritidsbustaden ligg innanfor byggjegrensa.




Fig: Del av *RV 565 parsell Hilland - Alverstraumen (1999)*. Omsøkte eigedom er ringa inn.

#### Uttale:

Byggjegrense langs veg skal ta i vare trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Fv 565 er ein viktig strekning på det overordna fylkesvegnettet. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 2* jf. *Rammeplan for avkjørsler med strekningsvis vurdering av haldning til*

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 – 2020)*, det vil sei at det skal leggjast til grunn ei streng haldning til dispensasjon frå byggjegrensa. Årsdøgertrafikk er 6300 ÅDT, men minkar til 3900 like etter omsøkte eigedom. Det viser likevel at det er stor trafikk på strekninga.

Reguleringsplanen har fastsett ei byggjegrense på 30m frå vegmidte. Føresegnerne til planen omtaler ikkje nærmere kva som er tillatt innanfor byggjegrensa.

Reguleringsplanen skal sikre utbetring av veg og framføring av tilbod til mjuk trafikantar på strekninga. Vegen er ikkje utbetra etter denne planen, men behovet for utbetring er likevel stort. Strekninga ligg inne som del av Nordhordlandspakka, men har låg prioritet. Skal strekninga utbetra vil det kreva ny plan der ein må leggje til grunn dagens standard for utbetring. Det er då grunn til å tru at det trengs meir areal enn det som er avsett i dagens plan. Strekninga er ein viktig fylkesveg og er også omkjøringsveg viss noko hender på fv. 57 i Lindås.

Eigedomen ligg innanfor raud og gul støysone jf. våre støyvarslingskart. Kommunane har ein plikt til å sørge for at støyretningsline (T-1442) også vert følgt opp i enkeltsaker.

Statens vegvesen har ei restriktiv haldning til veglovsaker langs denne strekninga, og vi vil vise til at det nyleg er avslått å etablere ny avkjørsle til eksisterande bustad samt på motsett side av vegen. Bakgrunn for dette avslaget var mellom anna omsynet til trafikktryggleiken, behovet for utbetring av fylkesvegen og framføring av tilbod til gåande og syklande.

#### **Oppsummert:**

Statens vegvesen meiner det er fleire grunnar for å ha ei restriktiv haldning til nye tiltak innanfor byggjegrensa på denne strekninga ut over vanleg vedlikehald. Vi vil vise til at dette er ei viktig strekning med behov for oppgradering av vegnettet og opparbeide tilbod til mjuk trafikantar.

Vi ber om å få Lindås kommune sitt vedtak tilsendt for klagevurdering.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

